

Med hovudet fullt av musikk

MOLDE (Dagsavisen): Seks år gammel lærde han 2000 standardsongar frå pianorullane til bestemor. Vi møtte det no to meter lange vidunderbarnet i Molde.

Av: ROALD HELGHEIM



Med i bagasjen har Jon Weber (43) den siste plata «Simple Complex», med storleikar som Gary Burton, Kurt Elling, Niels-Henning Ørsted Pedersen og Eric Alexander i bandet. I Molde har han spela to midnattskonserten med bassist Eilertsen og trommeslagar Per Oddvar Johansen. Då gav han også til beste eitt eige arrangement av «Den fyrste song eg høyra fekk», som Per Sivle har skrivne teksten til.

– *Er det sant at du hugsar ein song berre du kastar eit blikk på noteblandet?*

– Sure. Eg veit ikkje kva foreldra hadde tenkt å gjere med den avanserte lirekassa til mor, men eg hugsar alle dei songane. Mor kan fortelje at eg spela dei på ulike måtar kvar gong. Eg improviserte før eg visste kva jazz var. I dag går eg med det tidoble i hovudet, seier den svært habile pianisten, fødd i Milwaukee, flytta til Chicago i 1987. I tenåra starta han ein karriere som solopianist. Han platedebuterte med «Jazz Wagon» i 1993 og har no fire utgjevingar på samvitet. Han kan spele Fats Waller som Fats Waller. Ikkje overraskande har han Art Tatum som sitt største idol.

– Eg vaks opp i ein familie med sju ungar, og vi hadde nok med å brøfø oss. Eg har fått musikken som gåve, seier Weber, som 16 år gammal fekk sjansen i storbandet til ein Marc Kleckley som var på jakt etter ein pianist. Det var første gong han las notar.

– Eg lærde meg alle arrangementa nokre dagar, seier Weber, som også lærde seg gitar, og snart fekk oppdrag som arrangør for andre lokale band. 19 år gammal leia han ein kvintett som var oppvarmingsband på festivalar for Pat Metheny, Buddy Rich og andre. Då han skulle spele inn den siste plata, ringde han Niels-Henning Ørsted Pedersen og dei andre, og sende dei materialet.

– Det er ein fordel å vere sin eigen herre, men eg treng ein skikkeleg agent, seier Weber. På blokka har han transkribert nokre norske barnesongar.

– Eg har 20168 songar i hovudet, seier han.

 [Tips en venn om denne saken](#)

 [Skriv ut denne siden](#)

